



Selje kommune

Innkalling

Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Kommunehuset 2. etasje.
Dato:	09.02.2017
Tid:	Kl. 14:00

Den som har lovleg forfall, eller er ugild i nokon av sakene, må melde frå snarast råd til tlf. 57858500 eller til post@selje.kommune.no, slik at varamedlem kan bli kalla inn.

Varamedlem møter etter nærare innkalling.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
004/17	Godkjenning av møteprotokoll
005/17	Referatsaker
006/17	Deltaking i kystsamarbeidet mellom Flora, Vågsøy og Bremanger
007/17	Reguleringsplan - Tunnel Kleiva - Vedtak

Eventuelt

Selje, 02.02.17

Stein Robert Osdal
ordfører



Selje kommune

Arkiv: FE - 033
JournalpostID: 17/40
Saksbehandlar: Unni Eltvik Hovden

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
004/17	Kommunestyret	09.02.2017

Godkjenning av møteprotokoll

Tilråding frå administrasjonen:

Møteprotokollen frå møte 26.01.17 vert godkjent slik den ligg føre.



Selje kommune

Arkiv: FE - 033
JournalpostID: 17/548
Saksbehandlar: Karin Sandvik Stave

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
005/17	Kommunestyret	09.02.2017

Referatsaker

Tilråding frå administrasjonen:

Referatsaker vert teke til etterretning slik dei ligg føre.

1. Kommunestruktur - Orientering status



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
004/17	Formannskapet	25.01.2017
006/17	Kommunestyret	09.02.2017

Deltaking i kystsamarbeidet mellom Flora, Vågsøy og Bremanger

Bakgrunn for saka:

Ynskje frå aktuelle kommunar om å inngå eit nærare samarbeid på kysten har vore drøfta i fleire år. I løpet av 2016 vart det avhalde fleire fellesmøter og referat frå møte 22.04 og 28 og 29 september ligg vedlagt.

Samlinga i Kalvåg i september skisserte ein framdrift som inneberer etablering av ei styringsgruppe og avsetjing av pengar frå kommunane i samband med budsjetthandsaming for 2017 budsjettet. I budsjettdrøftingane i Selje kommunestyre i desember vart spørsmålet utsett også fordi ulike sider av kommunesamarbeid og reformarbeidet ikkje var slutført.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Selje kommune oppfattar det slik at Kystsamarbeidet mellom Flora, Vågsøy og Bremanger har som ambisjon om å slå saman tenester og på sikt kommunar.
2. Selje kommunestyre finn det rett å avklare denne type målsetjingar med hovudsamarbeidspartnarane i Nordfjord før vidare samarbeid vert igangsett.
3. Når kommunane i kystsamarbeidet forutset ei avklaring snarast og i kommunestyremøte 09.02.17 på desse spørsmåla må Selje kommune trekkje seg frå dette samarbeidet.
4. Selje kommune ynskjer å delta i eit kystsamarbeid og voner vi kan tiltre i ein dialog om desse spørsmåla på eit seinare tidspunkt.

Vedtaks som innstilling frå Formannskapet - 25.01.2017

Selje kommune er ei kystkommune, og sluttar seg til styrka strategisk samarbeid mellom kommunane Selje, Bremanger, Vågsøy og Flora. Viser til framlegg til vedtak - felles saksutgreiing i kystsamarbeidet:

1.

Selje kommune sluttar seg til at det vert etablert eit formelt langsiktig samarbeid mellom kommunane, Selje, vågsøy, Bremanger og Flora. Føremålet med samarbeidet er å stå saman for å møte dei felles utfordringane kystkommunane har, og bidra til å løyse ut dei verdiane som ligg i og ved kysten.

2.

Det vert starte opp eit forprosjekt som har til føremål å sjå på om det er grunnlag for ei overordna organisering av samarbeidet mellom dei fire kommunane; Selje, Vågsøy, Bremanger og Flora. Forprosjektet vert leia av eit politisk interimsstyre med 4 representantar frå kvart formannskap.

3.

Forprosjektet skal som eit minimum avklare følgjande:

- a. Mål, grunngiving og prinsipp for samarbeidet.
- b. Tema for samarbeidet
- c. Organisering av samarbeidet, fagleg, administrativt og politisk.
- d. Namn og profilering av samarbeidet.
- e. Følgje med og om mogleg følgje opp og prioritere nye samarbeidsområder.
- f. Jobbe for å få etablert regionale og nasjonale «piloter» for å løyse ut utviklingsmidlar frå verkemiddelapparatet. Ei mogleg råde kan være på 50 – 100 mil.
- g. Være ansvarleg for forankring og vidare prosess i høve kommunestyra, næringslivet og innbyggjarar.
- h. Utarbeide årsplan for samarbeidet.
- i. Utvikle ein «Felles utanrikspolitik»
- j. Konkretisere og sikre finansiering og drift av samarbeidet.

4.

Parallelt med forprosjektet i punkt ein blir det sett i verk arbeid med å få på plass konkrete samarbeid innanfor følgjande område:

- a. Planlegging
- b. Samferdsle
- c. Næringsutvikling

5.

For kvart av utviklingsområda i punkt 4 skal kommunane sette ned ei arbeidsgruppe som skal konkretisere innhald, formål, organisering og finansiering av arbeidet vidare.

6.

Kommunesamarbeidet skal være dynamisk og nye satsingsområde kan kome til undervegs i arbeidet.

7.

For å synleggjere samarbeidet skal kommunane samarbeide om eit «Kystseminar» våren 2017, som både skal være ein fagleg møteplass for kystsamarbeidet, og ein politisk arena med felles kommunestyremøte.

8.

Det blir som eigenkapital frå kommunane sett av 1 mil kr til arbeidet. Fordeling mellom kommunane blir fordelt 100 % etter innbyggjartal. Alle kommunane tek atterhald om finansiering inntil vedtak av budsjett for 2017.

9.

Det vert etablert ei styringsgruppe for heile samarbeidet som vert samansett av ordførarane og

rådmennene i dei fire kommunane. Styringsgruppa er ansvarleg for å sette i verk og organisere arbeidet. Styringsgruppa skal syte for at det blir søkt eksterne midlar til arbeidet.

Vedlegg i saka:

13.01.2017	Felles saksutgreiing kommunestyresak - etter samling i Kalvåg september 2016	1329055
13.01.2017	Referat 28. og 29.09.16 - Strategisamling i Kalvåg	1329054
13.01.2017	Møtereferat 22.04.16 - Møte mellom ordførarane i kommunane Selje, Vågsøy, Bremanger og Flora.	1329053

Formannskapet 25.01.2017:

Handsaming:

Framlegg frå TP, SP og KRF, foreslått av , Selje kommune er ei kystkommune, og sluttar seg til styrka strategisk samarbeid mellom kommunene Selje, Bremanger, Vågsøy og Flora. Viser til framlegg til vedtak - felles saksutgreiing i kystsamarbeidet.

7 voterande

Votering:

Framlegg frå TP, SP og KRF fekk 5 røyster for.
Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 2 røyster for.

FS- 004/17 Vedtak:

Selje kommune er ei kystkommune, og sluttar seg til styrka strategisk samarbeid mellom kommunene Selje, Bremanger, Vågsøy og Flora. Viser til framlegg til vedtak - felles saksutgreiing i kystsamarbeidet:

1.

Selje kommune sluttar seg til at det vert etablert eit formelt langsiktig samarbeid mellom kommunane, Selje, vågsøy, Bremanger og Flora. Føremålet med samarbeidet er å stå saman for å møte dei felles utfordringane kystkommunane har, og bidra til å løyse ut dei verdiane som ligg i og ved kysten.

2.

Det vert starte opp eit forprosjekt som har til føremål å sjå på om det er grunnlag for ei overordna organisering av samarbeidet mellom dei fire kommunane; Selje, Vågsøy, Bremanger og Flora. Forprosjektet vert leia av eit politisk interimsstyre med 4 representantar frå kvart formannskap.

3.

Forprosjektet skal som eit minimum avklare følgjande:

- a. Mål, grunngiving og prinsipp for samarbeidet.
- b. Tema for samarbeidet
- c. Organisering av samarbeidet, fagleg, administrativt og politisk.
- d. Namn og profilering av samarbeidet.
- e. Følgje med og om mogleg følgje opp og prioritere nye samarbeidsområder.
- f. Jobbe for å få etablert regionale og nasjonale «piloter» for å løyse ut utviklingsmidlar frå verkemiddelapparatet. Ei mogleg råde kan være på 50 – 100 mil.
- g. Være ansvarleg for forankring og vidare prosess i høve kommunestyra, næringslivet og innbyggjarar.
- h. Utarbeide årsplan for samarbeidet.
- i. Utvikle ein «Felles utanrikspolitik»
- j. Konkretisere og sikre finansiering og drift av samarbeidet.

4.

Parallelt med forprosjektet i punkt ein blir det sett i verk arbeid med å få på plass konkrete samarbeid innanfor følgjande område:

- a. Planlegging
- b. Samferdsle
- c. Næringsutvikling

5.

For kvart av utviklingsområda i punkt 4 skal kommunane sette ned ei arbeidsgruppe som skal konkretisere innhald, formål, organisering og finansiering av arbeidet vidare.

6.

Kommunesamarbeidet skal være dynamisk og nye satsingsområde kan kome til undervegs i arbeidet.

7.

For å synleggjere samarbeidet skal kommunane samarbeide om eit «Kystseminar» våren 2017, som både skal være ein fagleg møteplass for kystsamarbeidet, og ein politisk arena med felles kommunestyremøte.

8.

Det blir som eigenkapital frå kommunane sett av 1 mil kr til arbeidet. Fordeling mellom kommunane blir fordelt 100 % etter innbyggjartal. Alle kommunane tek atterhald om finansiering inntil vedtak av budsjett for 2017.

9.

Det vert etablert ei styringsgruppe for heile samarbeidet som vert samansett av ordførarane og rådmennene i dei fire kommunane. Styringsgruppa er ansvarleg for å sette i verk og organisere arbeidet. Styringsgruppa skal syte for at det blir søkt eksterne midlar til arbeidet.

Saksopplysningar:

I vedlegga framgår det kva tankar og potensiale som er vurdert å ligge i eit slikt samarbeid. I vedlegg frå samlinga i Kalvåg i september har ordførarane oppsummert kva dei ser i dette samarbeidet.

«Ola Teigen, Flora

- *Vi treng ei felles røyst, ei Kystvakt for kysten*
- *Vi treng å støtte kvarandre og heie på kvarandre*
- *Vi treng å tenkje vidare enn kommunegrensene for å utvikle oss og ta ut verdiskapingspotensialet*
- *Vi har felles utfordringar når det gjeld folketalsutvikling, arbeidsløyse, reduksjon i offentlege arbeidsplassar, rekruttering/kompetanse, mange krevjande oppgåver, store avstandar, liten samanheng mellom kommunane og ein svak bu- og arbeidsmarknad.*
- *Vi kan samarbeide om ei rad oppgåver som, reiseliv/reisemålselskap, friluftsråd, interkommunale selskap generelt, hamn, næring, plan, brann/beredskap, ressursbruk.*
- *Vurdere eige regionråd for å samarbeide på økonomi og administrative ressursar*

Stein Robert Osdal, Selje

- *Viser til at kommunen alt har eit sterkt og godt samarbeid med Nordfjordrådet og reisemålselskap.*
- *Treng likevel eit forpliktande samarbeid på kysten, men kommunikasjonane er ei stor barriere.*
- *Ein nøkkel til å styrke samarbeidet, vil være ein kyststamveg.*
- *Ynskjer at kystregionen skal være ein næringsvenleg region, uavhengig av om verksemda er kystrelatert eller ikkje.*
- *Bør jobbe spesifikt med utfordringa i å overføre gods frå veg til sjø.*
- *Er positiv til eit vidare samarbeid og det er god forankring i kommunen for dette.*

Audun Åge Røys, Bremanger

- *Viser til at vi treng eit samarbeid for kystkommunane er sårbare i dag.*
- *Kommunane har i hovudsak dei same utfordringane*
- *Jobbe saman for at kommunane skal bli sterkast mogleg.*
- *Samferdsle vert eit viktig samarbeidsområde, for å styrke bu- og arbeidsmarknadsregionen, meir transport på sjø, betre koordinering og samanheng mellom transportsystema og for å stå saman om innspel til fylkeskommunale og nasjonale planar.*
- *Vil prioritere arealplanlegging for sjøareal og kystnær landareal*
- *Næringsutvikling gjennom å jobbe med nye kystnæringar for å ta ut verdiskapingspotensialet, døme er tare dyrking og styrka havnestruktur.*

Kristin Maurset, Vågsøy

- *La vekt på at ein grunn til at kommunane no vil samarbeide, er dei gode samtalane som vart gjennomført som del av arbeidet med kommunestruktur*
- *Kommunen har vore positiv til ei Nordfjordutgreiing.*
- *Ser på samarbeidet på kysten som eit tillegg og supplement til dei andre samarbeida i Nordfjord.*
- *Ser særleg behov for å samarbeide om utviklingsoppgåver*
- *Viste til vedtak i kommunestyret i Vågsøy:*

- Positive til å slå seg saman med andre kystkommunar
- Vil bidra til å styrke kysten
- Ser på Måløy som eit sterkt senter i eit framtidig samarbeid på kysten
- Ser behov for å stå saman rundt samferdsle og kystvegen
- Ho såg og mange konkrete samarbeidsområde
 - Destinasjonsselskap/reiseliv
 - Samferdsle/kyststamvegen/Stad-skipstunnel/flyplass/hamn
 - Utdanning frå VGS til høgskuleutdanning
 - Strategisk plan for kysten (regional plan)
 - Næringsutvikling
 - Friluftsråd
 - Planlegging

Vidare står det i bakgrunn i referatet;

«Ordførarane for dei fire kommunane møtte kvarandre den 22.04.16. På møtet konkluderte dei med at det var naturleg at desse fire kommunane ser på kva som er mogleg å få til for eit vesentleg tettare samarbeid mellom kystkommunane. Ordførarane var tydelege på at samarbeidet ikkje skal gå på bekostning av dei samarbeida som kommunane alt er knytt opp til.»

Etter Kalvågsamlinga vart det utarbeida ei saksutgreiing som skulle nyttast som vedtaksgrunnlag i kommunane. Det er no fatta nærast likelydande vedtak i desember for kommunane Bremanger, Flora og Vågsøy. Desse kommunane har også avsett midlar slik det framkjem av saka og referat. Det skal avsetjast ein million noko som utgjer ca 115.000,- for Selje sin del.

I Kalvåg vart det også oppnemnt ei styringsgruppe bestående av ordførarar og rådmenn frå deltakarkommunane. Desse hadde møte i Måløy 10. januar 2017. Det er ikkje motteke referat frå dette møtet, men det framkom spesielt frå Flora og Vågsøy eit ynskje om å relativt raskt å vurdere å etablere strukturendringar på tenester (plan, utvikling, byggesak, helse..). Selje vart sterkt utfordra på om dette no var aktuelt å gå vidare med no når vi er i ferd med å inngå intensjonsavtale med Eid.

Vurderingar

Rådmannen oppfattar det slik at det no er viktig for spesielt Vågsøy og Flora å markere at intensjonen med samarbeidet er å slå saman tenester og funksjonar og på sikt å etablere ein samla kommune. Dette fokuset har forsterka seg mykje sidan Kalvågsamlinga i haust. På denne samlinga var desse spørsmåla ikkje dei primære som ein ser av referatet og heller ikkje i utarbeida utkast til saksutgreiing. Der er det omtalt eit «kystseminar» som har som føremål å «synleggjere» samarbeidet. I pkt 4 skal det setjast ned arbeidsgrupper som skal konkretisere innhald, formål og organisering av samarbeidet innan planlegging, samferdsle og næringsutvikling.

I møtet 10. januar vart det frå starten av openbart at ambisjonane til spesielt Vågsøy og Flora no har endra seg i høve det som kjem fram av referata og utkast til saksutgreiing. Frå Selje sin del er det uproblematisk å samarbeide innan planlegging, samferdsle og næringsutvikling. Det er sjølvsagt problematisk når Eid tydeleg ikkje vert inkludert i eit slikt

samarbeid og ambisjonane no verkar å vere å «slå saman» tenester og kommunar sørover.

Det er også problematisk når vi tydeleg ser at dette er eit retningsval som også vil endre samarbeidet som vi har utvikla og opparbeida over lang tid i Nordfjorderrådet.

Dei utrykte overordna målsetjinga som omhandlar samanslåing av tenester, funksjonar og kommunar er slik rådmannen vurderer det problematisk. I ein evt slik kommune vil Florø vere eit naturleg kommunesenter med strategisk leiing. Slik kommunikasjonane no er vil dette ikkje vere ein funksjonell kommune.

På bakgrunn av møtet 10. januar der fokuset var å etablere samanslåingar av funksjonar, tenester og kommunar sørover på kysten er det etter rådmannen sin oppfatning mindre aktuelt å delta i no. Dersom hovudmålet er å utvikle eit samarbeid innan samferdsle, plan og næring er det meir aktuelt. Tema her på samferdsle kan vere traseval og felles fronting, samordning av strategiar frå «veg til kjøle» spesielt når skipstunnellen kjem, på plan felles bruk av kjernekompetanse innan plan og kystområda, turistsatsing på kysten inkludert fokus på kystpilegrimsleia, samordning i møte med næringslivet som har interesser i at regionen opptretr samla og koordinert osv..

Om det kan vere aktuelt å tiltre ein kommunestrukturprosess med desse kommunane i framtida er vanskeleg å spå no. Dette vil vere eit strategisk retningsval i høve Nordfjord elles og nordover mot Sunnmøre.



Selje kommune

Arkiv: FA - L12
JournalpostID: 17/109
Saksbehandlar: Gry Otneim
Leikanger

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
008/17	Planutvalet	25.01.2017
007/17	Kommunestyret	09.02.2017

Reguleringsplan - Tunnel Kleiva - Vedtak

Bakgrunn for saka:

Reguleringsplanen for fv. 633 tunnel forbi Kleiva i Selje kommune, inkludert deponi ved Teigane, har lege ute til offentlig ettersyn jf. Pbl. § 12-10. Statens vegvesen la ut reguleringsplanen, etter avtale med Selje kommune i perioden 22. november 2016 til 3.januar 2017. Det kom inn seks merknadar til planforslaget i høyringsperioden.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Detaljreguleringsplan med konsekvensutgreiing for Fv. 633 rassikring forbi Kleiva vert godkjend slik den ligg føre, jf. Pbl. § 12-12.

Vedtaket kan påklagast i medhald av Pbl. § 1-9.

Vedtaks som innstilling frå Planutvalet - 25.01.2017

Som rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Vedlegg i saka:

17.01.2017	Plandokument Kleiva	1329176
17.01.2017	Planskildring reguleringsplan tunnel Kleiva	1329177
17.01.2017	Føresegner alt 1 reguleringsplan tunnel Kleiva	1329178
17.01.2017	Føresegner alt 2 reguleringsplan tunnel Kleiva	1329179
17.01.2017	LAY_R_KLEIVA_Alt-2	1329180
17.01.2017	LAY_R_KLEIVA_Alt-1	1329181

Saksopplysningar:

I Statens vegvesen sitt arkivsystem MIME har denne saka saknr.16/35031.

Ved varsla planoppstart og høyring av planprogram kom det inn 5 innspel. Desse er oppsummerte og kommenterte i planomtalen.

Statens vegvesen la planen ut til offentlig ettersyn etter avtale med Selje kommune, frå 22.november 2016 til 3.januar 2017.

Reguleringsplanen inneheld eit planområde for deponi ved Teigane, eit alternativ vest for tunnel og to alternativ for tunnel og løysingar aust for tunnelen. Dette vart varsla med annonse i Fjordenes Tidende. Alle kjende direkte råka grunneigarar og aktuelle offentlege etatar fekk brev med varsel om offentleg ettersyn. Ved offentleg ettersyn av planen kom det inn 6 innspel. Statens vegvesen har oppsummert og vurdert merknadane. I tillegg har Selje kommune vurdert dei innkomne merknadane og kome med ein samla merknad. Oppsummering og vurdering av merknadane fylgjer i saksutgreiinga under.

Innspel til offentleg ettersyn av planen:

Frå Yrkestrafikkforbundet

Yrkestrafikkforbundet sine buss-sjåførar meiner tunnelen burde gå inn lenger nede på Årvik-sida for å sleppe svingen rundt Halsen. Dei meiner svingen er bratt og veldig utsatt for vind. Dei finn at dette er den verste staden å trafikkere på Stadlandet. Buss-sjåførar har mange gonger søkt ly bak vindskjermen når det bles som verst. Dei viser til at dersom køyretøy bles av vegen her havnar køyretøyet i havet, med små sjansar for å overleve.

Dei finn at det er meningslaust å ikkje bygge tunnelen slik at denne svingen vert fjerna. Dei meiner også at det ikkje treng verte særleg lenger tunnel dersom ein legg innslaget lenger nede i begge endar av tunnelen.

Dersom det ikkje er mogeleg å flytte tunnelinnslaget lenger ned, ynskjer dei innslaget nærast Honningsvågen.

Statens vegvesen sine vurderingar

Det vart gjort ei vurdering av andre mulige tunnel-trasear i perioden 2012-2015. Dette går fram av planomtalen, kapittel 12.

Det vart vurdert alternativ som tilsvarende løysingane Yrkestrafikkforbundet sine buss-sjåførar ynskjer. Sogn og Fjordane fylkeskommune har lagt desse vekk til fordel for kortare tunnel, på grunn av kostnader.

Statens vegvesen held fast på å tilrå alternativ 1 fordi alternativ 2 er funne å ha for store konflikstar med naturmiljøet i området. Det skal lagast vindskjerming som sikrar at sjølv høge bilar finn vern mot vinden, bak skjermen. Det vert satt opp høgare rekkverk mot sjøen for å hindre køyretøy å blåse av vegen.

Frå NVE

NVE har ingen merknader til planen

Frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane **Natur og miljø**

Fylkesmannen finn at alternativ 1 er det beste alternativet fordi dette gir mindre inngrep i den mest verdifulle delen av naturbeitemarkene, som ligg på nedsida av vegen.

Fylkesmannen ber om at det vert vurdert å gjere tiltak som kan avgrense inngrepa i

naturbeitemarka. Dei foreslår tørrmur og tiltak som hindrar at det rullar stein utanfor område det ikkje vert inngrep i.

Ei vesentleg ulempe ved alternativ 1 er ikkje berre tunnelinnslaget, men det skisserte området med fjellreinsk. I dette området er det påvist fossegrimemose, som er raudlistearta og den nordlegaste kjende lokaliteten i Norge. Fylkesmannen finn at verknadane av fjellreinsk kan bli små, men usikre. Dei kan difor akseptere alternativ 2, som gir mindre inngrep i naturtypelokaliteten Nipa (over vegen), mindre behov for fylling i nedkant av vegen og ei kortare strekning med rasutsett vegbane.

Fylkesmannen ser at alternativ 2 gir større inngrep i den verdifulle naturbeitemarka nedanfor vegen. Sjølv om det raudlista artane som førekjem der har store areal med potensielt eigna levestader, held Fylkesmannen ein knapp på alternativ 1 som det minst konfliktfylte alternativet. Fylkesmannen er såleis samde i tilrådinga til Statens vegvesen.

Fylkesmannen peikar på at utbygginga føreset sterk fokus på miljøverdiane i anleggsperioden. Dei ser det som viktig at det vert gjennomført tiltak som hindrar at det kjem steinmassar ned på naturbeitemarka, nedanfor det arealet som er regulert til «Annan veggrunn – grøntareal». Dei tilrår at dette vert klarare presisert i føringane for YM-planen. Dei viser også til at det er omsynssone for bevaring av naturmiljøet med føringar for å ivareta naturverdiane.

Landbruk

Fylkesmannen finn at tiltaket ikkje vil råke dyrka mark eller produktiv jord, men deler av planområdet er gammal beitemark. Dei merkar seg at det i planføresegnene er stilt krav om at matjord skal leggest til side før deponiet vert teke i bruk, og at jordmassane skal førast tilbake når deponiet er fylt opp.

Fylkesmannen har ikkje avgjerande merknader til planframlegget.

Samfunnstryggleik og beredskap

Fylkesmannen ser at det er utarbeidd ein analyse av risiko og sårbarhet (ROS-analyse) i samband med planframlegget.

Statens vegvesen sine vurderingar

For å hindre at det kjem stein ned på naturbeitemarka vert det stort fokus på korleis fyllinga vert gjennomført, ved å etablere god tipp-plass og å legge ut massane med maskin. Vidare at revegeterings-massane vert lagt ut på fyllinga fortløpande medan ein arbeider seg oppover med fyllinga.

Fanggerde vil gje liten gevinst da det krev at maskiner kjem til etter at vegfyllinga er lagt ut for å fjerne gjerdet og eventuelle massar gjerdet har fanga opp. Dette vil skade ferdig utlagt fylling, med revegetering.

Statens vegvesen tilrår difor at tiltak vert å ha stort fokus på korleis fyllinga vert lagt ut. YM-planen som vert utarbeidd som grunnlag for vegbygginga vil ha fokus på dette.

Utanfor areal regulert til «Annan veggrunn-grøntareal» er det regulert eit areal som kan nyttast til midlertidig anleggsområde, ned på naturbeitemarka. I dette sidebratte terrenget

kan digitale koter vere feil, slik at faktisk skråningsutslag vert større enn teoretisk. Det er også naudsynt med areal for å sikre god tipp-plass før tipping av fyllingsfoten. Det må difor påreknast inngrep utanfor «Annan veggrunn-grøntareal» ned på areal regulert til «LNF-område/Midlertidig anleggsområde».

Frå Margrethe Honningsvåg, gbnr. 32/7

Eigedomen hennar ligg i Ytre Honningsvåg.

Honningsvåg finn at alternativ 1 er minst negativ for landskapsbiletet og naturmangfaldet og er minst synleg frå Honningsvågen.

Honningsvåg finn at det er bra at alternativet har med plass til å stoppe ved utsiktspunktet aust for tunnelen, kalla Storehaugen. Ho meiner det vil vere eit stort tap for både bygdefolk og turistar om det ikkje er råd å stoppe her for å sjå på havet og solnedgangen.

Margrethe Honningsvåg støttar difor at alternativ 1 vert bygt.

Annbjørg Kvernevik, gbnr. 34/1

Eigedomen hennar ligg i Ytre Stranda, på austsida av tunnelen.

Kvernevik har innspel til alternativ 1, aust for tunnelen. Ho peikar på at Storehaugen (der parkeringsplassen er planlagt) er eit særst flott naturområde som dei helst ikkje vil ha inngrep i. Dei har likevel forståing for at det samstundes ikkje er mogeleg på grunn av plassbehov ved anleggsarbeidet.

Kvernevik finn at den planlagde parkeringsplassen med tilhøyrande anlegg vert ein flott plass. Dei peikar på at villparkering er eit tiltakande og stort problem og at dei har registrert dette gjennom si drift av Vestkapphuste på Vestkapp-plataet. Dei peikar også på at det er lagt til rette for bular på Vestcapp Camping, men at dette er lite brukt.

Dei ber om difor om at parkeringsplassen vert lagt til rette og skilta på ein slik måte at her ikkje vert villparkering for bular.

Statens vegvesen sine vurderingar

Statens vegvesen treng å nytte området for parkeringsplass/utsiktspunktet til riggområde når veganlegget skal byggast. Parkeringsplassen er såleis eit tiltak i eit areal som likevel får inngrep.

Parkeringsplassen kan gi ein positiv effekt ved at ein unngå at bular parkerer langs vegen når dei vil sjå på utsikten, og såleis hindrar framkomst på vegen.

Statens vegvesen vil vurdere å sette opp skilt som hindrar bular å stoppe lenge/ campe på parkeringsplassen.

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Sogn og Fjordane fylkeskommune har ingen merknader til planen

Selje kommune si samla vurdering av reguleringsplanforslaget og innkomne merknadar:

Det er svært positivt og gledeleg at dei gamle rasoverbygga i Kleiva endeleg vert erstatta med tunnel. Innbyggjarane i Honningsvåg har i ei årrekke uora seg for vegstrekninga som stadig har vore utsett for steinsprang og ras. Bygda er i tillegg vitja av mange turistar gjennom heile året.

Selje kommune har gått gjennom planforslaget for detaljreguleringsplan for fv.633, forbi Kleiva. Planforslaget er utarbeidd i medhald av Plan- og bygningslova med tilhøyrande føreskrifter og Selje kommune har ikkje merknadar knytt til plandokumenta, men vel å kommentere nokre moment;

Massedeponi ved Teigane;

Selje kommune ynskjer at massene vert deponerte slik at det er mest mogeleg nytte i å ta dei ut igjen. Del av gbnr. 36/1, nedanfor fylkesveg 633 vert difor regulert til mellombels massedeponi. Bakgrunnen for dette er at det er svært vanskeleg å finne masseuttak i dette området, av omsyn til landskapet og andre verdiar på ytre Stadlandet. Deponiet på Teigane gir minst ulemper i høve til andre masseuttak, sjølv om det vert brukt som masseuttak over fleire år. Deponiet vert privat og det er heimelshavar av gbnr. 36/1 som er ansvarleg for uttak og drift av massedeponiet, jf. planføresegner § 4. Bebyggelse og anlegg, pkt. 4.1 Deponi.

Vurdering av alternativ 1 og 2:

Det ligg føre to tunnelalternativ;

Tunnel for alternativ 1 er ca. 600 meter lang. Aust for tunnelen skal vegen leggst på fylling. Fyllinga skal leggst på eit delvis bratt område med steile klipper med vindavsetningar mellom og delvis på ei naturleg flate langs eksisterande veg.

Tunnelen er ca. 700 meter lang for alternativ 2. Vegen er lagt ut på fylling før den går inn mot tunnel. Fyllinga ligg på ei naturbeitemark (Risiko- og sårbarhetsanalyse s.5).

Selje kommune meiner at ein burde i større grad lytta til Yrkestrafikkforbundet sine merknadar om val av alternativ 2 som erstatning for dei gamle rasoverbygga. Som yrkessjåførar kjenner dei til utfordringane ved denne vegstrekninga betre enn dei fleste. Kleiva er ei av dei mest verutsette vegstrekningane vi har i Noreg og i tillegg er den svært skredutsett. Å få lagt mest mogleg av denne vegstrekninga i tunnel, hadde gjeve ei tryggare vegstrekning i framtida. Det vil vere uheldig at meirkostnaden ved alternativ 2 og omsynet til naturmiljøet vert meir vektlagt enn tryggleiken.

Samstundes må ein stole på at Statens vegvesen ikkje hadde tilrådd alternativ 1, dersom vegstrekninga ikkje vart vurdert som tilstrekkeleg trygg.

Camping:

Selje kommune er samd med grunneigar i at det er uheldig med camping på utkikspunktet ved Storehaugen og rår til at det vert sett opp skilt som forbyr camping.

Utover skilting er det lite kommunen kan gjere for å hindre slik aktivitet.

Vurdering og konklusjon

Reguleringsplan for Fv. 633 Tunnel forbi Kleiva med massedeponi ved Teigane vert godkjend
jf. Pbl. § 12-12.